

Skildring av oppdrag

Sårbarheitsvurderingar av ferdselslokalitetar i Jostedalsbreen nasjonalpark 2020

Leveransen gjeld:

Sårbarheitsvurdering i tråd med *Håndbok i sårbarheitsvurdering av ferdselslokalitetar i verneområde, for vegetasjon og dyreliv*, NINA Temahefte 73, for eit til tre område i og ved Jostedalsbreen nasjonalpark. Oppdraget skal gjennomførast i samarbeid med nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen.

Skildring av oppdrag:

a) Føremålet med oppdraget er å få gjort sårbarheitsvurderingar i eit til tre område i Jostedalsbreen nasjonalpark, slik at nasjonalparkstyret skal kunne leggje til rette for utvikling og ferdsel i område som tåler mykje besøk, og skjermte områda med sårbare artar eller naturtypar.

b) Sårbarheitsvurderingar er ynskt gjennomført i influensområde til stiar i fylgjande område i prioritert rekkjefølgje (omlag lengde på sti i parantes):

1. Skålastien (8 km). Sårbarheitsvurdering av eksisterande sti og område for tilrettelegging av ny sti ut mot Vesleskåla.
2. Haugadalen – Haugastøylen – Haugabreen (2,5km). Sårbarheitsvurdering av eksisterande sti til Haugabreen.
3. Bøyadalen (1 km). Sårbarheitsvurdering av område for tilrettelegging av evt. ny sti frå ytre parkering og inn til Brevatnet.

Sjå vedlagde kartfiler over områda.

c) Tilbydarar må gje separate tilbod for kvart område som dei ynskjer å gje tilbod på.

Tilbydarar som ynskjer det kan i tillegg til gje ein samla pris på alle tre områda.

Den samla økonomiske ramma for dei tre oppdraga er i utgangspunktet kr 100 000,-, men kan verte justert om vi finn midlar som kan omprioriterast til tiltaket.

d) Den ytre ramma for oppdraget er verneforskriftene og Forvaltningsplan for Jostedalsbreen (1994).

e) Arbeidet skal gjennomførast i tråd med dei til ei kvar tid gjeldande reglar for smittevern.

Oppdraget skal utførast i tråd med tidsplan og opplysningar som går fram av konkurransegrunnlaget. Rapportane skal leverast som pdf-filer. Trykkekostnader er ikkje inkludert. Rapportane skal først leverast som utkast til gjennomlesing (til nasjonalparkforvaltaren), før endeleg utgåve blir levert innan fristen.

Data og foto skal leverast digitalt på e-post/via dropbox e.l. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre og Miljødirektoratet evt. representert ved ein oppdragstakar har rett til å bruke grunnlagsdata og foto i andre prosjekt. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre og Miljødirektoratet har rett til å publisere alle data på Internett.